

Seigmen på topp i siste booking**16.05.2012**

**Festidalen er i mål med årets booking. SEIGMEN kjem!
I tillegg har de ibooka Lonely Kamel, Supermale og Highasakite
Arrangørane er erstolte over å få Seigmen til å spela på fredagen**

. Seigmen slo gjennom på 90-talet. Deira særeigne hybrid av hard rock, svart melankoli og popsensibilitet erobra sakte men sikkert publikum, inntil det eksploderte med singelen og albumet "Metropolis" i 1995. Resultatet var 22.000 selte singlar, noko av det høgaste som er oppnådd for ein norskspråklegrock-singel. Albumet med same namn passerte platinum (50.000), vant Spelemann-prisen og gjorde Seigmen til nasjonale stjerner.

I 1997 kom albumet "Radiowaves" der programmering og synther fekk ein meir framtredande plass. Den største endringa var likevel overgangen frå norske tilengelske tekstar. Seigmen sin posisjon som liveband styrka seg ytterligare i kjølevatnet av "Radiowaves", og sommaren 1998 spelte dei på Roskilde-festivalen for andre gong. Seinare same år meldte gitarist Sverre Økshoff at han ønska å forlate bandet. Haldninga i bandet hadde alltid vore "ein for alle, alle for ein", og avgjerda førte til at bandet blei oppløyst. Seigmen sin avskjedskonsert fant stad på eit stappfullt Rockefeller 6. mai 1999, etter ein utselt avskjedsturné.

Seigmen sin appell til fansen har aldri gitt seg, og i åra som har gått har òg ein ny generasjon oppdagat bandet. Deira musikalske arv merkast framleis, og billettane har gått unna dei få gongane bandet har stått på ein scene saman etter opplösinga. Seigmen har ikkje spelt nokon plass sidan 2006, med unntak av to konsertar i den nye operaen 2008 (kjem på DVD i juni) og tre låtar iforbindelse med Athletic Sound studios 25-års jubileum 2009 (Halden).

I 2012 er det 20 år sidan debut-ep'en "Pluto" kom ut og 15 år sidan det siste studioalbumet Radiowaves kom ut. Det er òg Slottsfjellfestivalen sitt 15-års jubileum, og nettopp jubileet til festivalen i heimbyen Tønsberg er den utløysande faktoren til at Seigmen har bestemt seg for å koma saman igjen og spele nokre få konsertar.

Publikum kan sjå fram til å møte eit band som framleis veit korleis ein livekonsert skal spelast. Festidalen følar seg privilegerte sidan Seigmen kjem til Uskedalen for å gje publikum ei oppleveling for livet, skriv arrranørane